




## Klage på ikkje bestått fag-/sveineprøve eller kompetanseprøve

Skjemaet skal fyllast ut og sendast til Møre og Romsdal fylkeskommune.

Blir fylt ut av den som vil klage	
Namn	
Fødselsdato	
Bustadsadresse	
Telefon	
E-postadresse	
Namn på lærefag	
Dato for avlagt prøve	

Eg klager på (huk av)	
<input type="checkbox"/>	Formelle feil ved prøva
<input type="checkbox"/>	Den faglege vurderinga av prøva
<b>Beskriv kort kvifor du vil klage, bruk eventuelt vedlegg om behov for meir plass:</b>	

Underskrift	
Stad og dato	Underskrift



Skjemaet skal sendast elektronisk via eDialog. eDialog er ein enkel og sikker måte å sende dokument til fylkeskommunen på. [Klikk her for å kome direkte til eDialog](#), eller gå til [mrfylke.no](http://mrfylke.no)



## Rettleiing til skjema

Ein lærling, praksiskandidat eller lærekandidat som har fått karakteren «Ikkje bestått» på fag-/sveineprøve eller kompetanseprøve, kan klage på prøveresultatet.

Kandidaten kan ikkje klage på karakteren «Bestått», sjølv om han/ho meiner at karakteren burde vere «Bestått meget godt».

Kandidaten kan klage på to grunnlag:

### 1. Formelle feil eller andre ikkje-faglege forhold ved prøveavviklinga

Formelle feil kan handle om at saksgangen for gjennomføringa av prøven ikkje er fulgt. Det kan vere at prøven er avvikla på ein slik måte at kandidaten ikkje har fått mulegheit til å vise sin faglege kompetanse. Det kan dreie seg om manglande informasjon om prøven, ufullstendig oppgåve, eller andre delar av prøvenemnda sitt arbeid.

Klagen sendast til fylkeskommunen der prøven er gjennomført.

Klagen blir behandla av fylkestinget eller den dei gir fullmakt. Dersom du får medhald i at det er gjort formelle feil som hadde avgjerande innverknad på prøveresultatet, blir resultatet oppheva. Prøven vil då bli rekna som ikkje gjennomført og du kan ta ny prøve å snart som mogleg.

### 2. Prøvenemnda si faglege vurdering av prøven

Dersom du meiner prøvenemnda si faglege vurdering er feil og at du skulle hatt karakter Bestått, kan du klage på dette. Klagefristen er tre veker frå du har mottatt brev frå fylkeskommunen med resultatet.

Du sender klagen til fylkeskommunen der fagprøven er gjennomført.

Fylkeskommunen innhentar ein uttale til klagen frå prøvenemnda og sender denne saman med klagen din og all dokumentasjon frå fagprøven til ei nasjonal klagenemnd ved Utdanningsdirektoratet. All dokumentasjon knytt til fagprøven må vere med for at klagenemnda skal ha eit vurderingsgrunnlag.

Den nasjonale klagenemnda kan endre resultatet fra «Ikkje bestått» til «Bestått», dei kan avvise klagen eller dei kan oppheve prøvenemnda si opprinnelege avgjerd og vise kandidaten til ny prøve.

Du kan ikkje sende inn oppmelding til ny prøve før klagen er behandla ferdig.

[Meir informasjon om klageadgang finn du i forskriftene til Opplæringslova, kapittel 5.](#)